

Utdrag fra opplæringsloven og forskrift til opplæringsloven

Utdrag fra opplæringsloven:

2-2. Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid

Departementet gir forskrifter om samla tid til opplæring i grunnskolen.

Kommunen kan gi forskrifter om undervisningstid ut over timerammene i forskriftene etter første leddet. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

Kommunen gir forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale prøver. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Departementet kan gi forskrifter om rammer for dagleg skoletid og om pausar for elevane.

§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa

Grunnskoleopplæringa skal omfatte religion, livssyn og etikk, norsk, matematikk, framandspråk, kroppspøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen, og estetisk, praktisk og sosial opplæring. Ein del av undervisningstida etter § 2-2 kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen. Kommunane avgjer sjølv korleis timar ut over minstetimetallet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast.

Grunnskolen er delt i eit barnetrinn og eit ungdomstrinn. Barnetrinnet omfattar 1.-7. årstrinn og ungdomstrinnet omfattar 8.-10. årstrinn.

Departementet gir forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet gir forskrifter om aktivitetar som ikkje er opplæring i fag. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar og privatistar og om klage på vurderinga, om eksamen og om dokumentasjon.

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. Rektor skal organisere skolen i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1-1 og forskrifter etter § 1-5.

Etter søknad frå kommunen kan departementet gi ein skole løyve til avvik frå første leddet og frå forskrifter om læreplanar dersom kravet til opplæringa samla ikkje blir mindre. Før slikt løyve blir gitt, må det ligge føre fråsegn frå samarbeidsutvalet.

§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skoleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte.

§ 8-1. Skolen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til
- det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning
- varigheita på avtalen
- reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og
- anna som etter lov krev avtale.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarelg¹ lang.

Endra med lover 30 juni 2000 nr. 63 (ikr. 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645), 21 juni 2013 nr. 98 (ikr. 1 aug 2013, etter res. 21 juni 2013 nr. 685).

¹ Skal vel være «uforsvarleg».

§ 9-1. Leiging

Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiging.

Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

Departementet kan etter søknad gjere unntak frå reglane i andre ledd og gi høve til andre måtar å organisere leiinga på.

§ 9-5. Skoleanlegga

Kommunen skal sørge for tenlege grunnskolar.

Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar.

På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skole og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nytting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skole og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skoletida

§ 9a-2. Det fysiske miljøet

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 13-1. Plikt for kommunen til å sørge for grunnskoleopplæring og spesialpedagogisk hjelp

Kommunen skal oppfylle retten til grunnskoleopplæring og spesialpedagogisk hjelp etter denne lova for alle som er busette i kommunen. Ansvaret gjeld ikkje elevar og andre som fylkeskommunen har ansvaret for etter §§ 13-2, 13-2 a og 13-3a.

Departementet gir forskrifter eller pålegg i enkelttilfelle om kven som skal reknast som busett i kommunen, og om refusjon av utgifter som andre kommunar har til grunnskoleopplæring.

Offentlege grunnskolar skal vere kommunale. I særlege tilfelle kan staten eller fylkeskommunen drive grunnskolar. Fylkeskommunen må ha godkjenning frå departementet.

Kommunen skal ha skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivået.

§ 13-4. Ansvar for skoleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen er ansvarleg for å oppfylle retten til skyss av førskolebarn etter § 7-6. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Departementet kan gi forskrifter om heimreiser, reisefølgje og opphald for dei som må innlosjerast for å få hjelp eller opplæring etter denne lova, dessutan

forskrifter om skoleskyss, skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke.

Endra med lover 12 apr 2002 nr. 10 (ikr. 1 jan 2003, etter 0 res. 12 apr 2002 nr. 349), 17 juni 2005 nr. 105 (ikr. 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).

§ 13-7. Skolefritidsordninga

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.

Utdrag fra forskrift til opplæringsloven

1-1. Opplæringa i grunnskolen

I grunnskolen skal opplæringa vere i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar den generelle delen av læreplanen, prinsipp for opplæringa, læreplanane for faga og fag- og timefordelinga. Frå kravet i første punktum gjeld desse unntaka:

- a) **For spesialundervisning gjeld opplæringslova § 5-5.** Reglane om spesialundervisning gjeld også for opplæring med utgangspunkt i dei læreplanalternativa som går fram av dei andre punkta i denne paragrafen.

- b) **Elevar i samisk distrikt, jf. opplæringslova § 6-1,** skal ha opplæring i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Samisk. Det same gjeld elevar utanfor samisk distrikt når dei får opplæring på samisk, jf. opplæringslova § 6-2 andre ledd.
- c) **Elevar som får opplæring i samisk utanfor samisk distrikt,** skal ha opplæring i samsvar med det ordinære Læreplanverket for Kunnskapsløftet, men skal følgje Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Samisk når det gjeld opplæringa i samisk.
- d) **Elevar med teiknspråkopplæring etter** opplæringslova § 2-6 har i teiknspråk, norsk, engelsk og musikk rett til opplæring i samsvar med læreplanane i norsk teiknspråk, norsk for døve og sterkt tunghørte, engelsk for døve og sterkt tunghørte og drama og rytmikk for døve og sterkt tunghørte.
- e) **Elevar som har rett til særskild norskopplæring etter** opplæringslova § 2-8, skal få opplæring etter tilpassing til læreplanen i norsk eller opplæring etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar.
- f) **Elevar med rett til punktskriftopplæring med mer** etter opplæringslova § 2-14 har rett til inntil 1525 timar i tillegg til den ordinære timeramma i fag- og timefordelinga.

Skoleeigaren kan omdisponere inntil 5 prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget for heile klassar/grupper eller årstrinn. Skoleeigaren gir forskrifter om fag- og timefordelinga for det enkelte skoleåret der omdisponeringa av timar mellom fag kjem fram. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunnjingering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

1-1a. Rett til fysisk aktivitet

Elevar på 5.-7. årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvningsfaget. Tilsaman skal dette utgjere 76 timar innanfor 5.-7. årstrinn, jf. fag- og timefordelinga.

Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggjast slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skoledagen.

Reglane om individuell vurdering i kapittel 3 og reglane om krav til pedagogisk kompetanse for undervisningspersonale i kapittel 14 gjeld ikkje. Elles gjeld opplæringslova med tilhøyrande forskrifter.

Tilføyd ved forskrift 30 juli 2009 nr. 1014 (i kraft 1 aug 2009).

§ 1-4a. Tid til arbeid med elevråd og elevmedverknad

Alle elevar skal ha moglegheit og tid til å arbeide med saker knytt til elevdemokrati og medverknad i opplæringa. Arbeidet må vere godkjent av skolen.

§ 1-6. Rammer for dagleg skoletid i grunnskolen Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl. 08.00 eller slutte etter kl. 15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd.

§ 1-8. Opplæring i framandspråk og språkleg fordjuping i grunnskolen

Elevane på ungdomstrinnet i grunnskolen skal i tillegg til opplæring i engelsk ha opplæring i eit framandspråk til eller språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk.

Når ein elev har valt anten framandspråk eller språkleg fordjuping, skal eleven normalt ha faget på heile ungdomstrinnet. Når opplæring i framandspråk og språkleg fordjuping tek til, kan elevane i første halvåret gjere omval i samråd med skolen. Når det ligg føre særlege grunnar, kan skoleeigaren godkjenne overgang på eit seinare tidspunkt.

Skoleeigaren skal tilby opplæring i framandspråk i minst eitt av dei fire språka tysk, fransk, spansk eller russisk etter læreplanen i framandspråk på nivå I ved kvar skole. I tillegg kan det vere tilbod om andre språk, også ikkje-europeiske, etter same læreplanen.

Skoleeigaren bestemmer kva for framandspråk elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast. Skoleeigaren skal tilby opplæring i språkleg fordjuping i minst eitt av faga norsk, engelsk eller samisk ved kvar skole. Skoleeigaren bestemmer kva for språkleg fordjuping elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast.

Elevar som har hatt opplæring i framandspråk eller språkleg fordjuping, har ikkje rett til å halde fram med opplæring i det framandspråket eller den språklege fordjupinga dei har begynt på, dersom dei skifter skole. Skoleeigaren bør likevel, så langt det er mogleg, leggje til rette for at elevane kan halde fram med opplæring i det språket dei har begynt på.

Skoleeigarar kan tilby arbeidslivs faget til elevar som begynner på 8. trinn i skoleåra 2012/2013, 2013/2014 og 2014/2015, som eit alternativ til eitt framandspråk til, eller til språkleg fordjuping i engelsk, norsk eller samisk.

Skoleeigarar som vel å tilby arbeidslivs faget for elevar på 8. trinn i skoleåra 2012/2013, 2013/2014 og 2014/2015, må tilby faget for desse elevane gjennom alle dei tre åra på ungdomstrinnet. For arbeidslivs faget gjeld første ledd, andre, tredje og fjerde punktum og fjerde ledd

tilsvarande. Føresegna får ein tilsvarende bruk for elevar som er omfatta av § 1-9 første ledd i forskrifta.

Endra ved forskrifter 12 april 2012 nr. 357 (i kraft 1 aug 2012), 20 feb 2013 nr. 228 (i kraft 1 aug 2013), 4 mars 2014 nr. 255 (i kraft 1 aug 2014).

§ 1-14. Opplæring i valfag på ungdomstrinnet

Elevane på ungdomstrinnet i grunnskolen skal ha opplæring i valfag frå 8. årstrinn. Elevane kan ha same valfag på fleire trinn eller dei kan velje nytt valfag på kvart årstrinn.

Skoleeigaren pliktar å setje i gang minst to ulike valfag per skoleår ved kvar skole. Skoleeigaren avgjer kva for valfag elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast.

Tilføyd ved forskrift 23 juni 2012 nr. 732 (i kraft 6 aug 2012).

§ 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen

Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer.

Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa. Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast. Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis. Kommunen pliktar å sørge for at elevane har eit godt psykososialt miljø i leksehjelpa som fremjar helse, trivsel og læring. Dersom ein tilsett har kunnskap eller mistanke om at eleven sin rett ikkje blir oppfylt skal den tilsette undersøkje saka, varsle kommunen og om nødvendig og mogleg sjølv gripe inn. Eleven og foreldre kan be om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet. Kommunen pliktar snarast mogleg å behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom vedtak ikkje er fatta innan rimeleg tid kan eleven og foreldre klage som om vedtak vart fatta.

Kommunen pliktar å sørge for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg. Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottek leksehjelp etter denne føresegna.

Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles.

12-1. Tryggleik for elevane

I tillegg til dei krav om førebygging av skade og ulykke som følgjer av andre lover og forskrifter, deriblant m.a. opplæringslova, dei delar av arbeidsmiljølova som er gjorde gjeldande for ulike opplærings situasjonar og forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., gjeld dette:

- a) Når skolen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.
- b) I situasjonar der skolen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskolen, skal det alltid vere ein tilsynsansvarleg, vaksen person til stades. Dersom den gruppa skolen har ansvaret for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar påbegynt gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vere flinke til å symje og dykke, og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig. For vidaregåande skole gjeld her berre det generelle kravet om tryggleik, slik det er formulert i bokstav a.
- c) Av pedagogiske og trafikktryggleiksmessige omsyn, og når trafikkforholda gjer det forsvarleg, kan det i samarbeid mellom skolen og politiet opprettast skolepatruljar. Skolepatruljar skal ikkje regulere trafikken, og skal ikkje stå ute i vegbana, men berre markere at nokon skal krysse vegen. Foreldra må samtykkje før ein elev blir sett til skolepatruljeteneste.
- d) I ordensreglementet for skolen kan det også takast inn føresegner som nærmare regulerer førebyggjande tiltak, t.d. i høve til å bruke sykkel eller rullestøyer.
- e) Reglane for grunnskolen gjeld tilsvarende for skolefritidsordninga.

§ 14-1. Krav til pedagogisk kompetanse for tilsetjing
Alle som skal tilsetjast i undervisningsstilling, må ha pedagogisk bakgrunn i samsvar med krava i rammeplanane for lærarutdanningane med forskrifter, jf. lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler § 3-2 andre ledd, eller ha tilsvarende pedagogisk kompetanse.

Til opplæring av vaksne etter opplæringslova kapittel 4A kan det også tilsetjast personar utan formell pedagogisk kompetanse etter første ledd. Føresetnaden er at vedkommande har vesentleg erfaring med opplæring av vaksne og er eigna til undervisning av vaksne.

Endra ved forskrift 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014).

§ 14-2. Krav for tilsetjing og undervisning på barnetrinnet

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på 1.–4. årstrinn, må fylle eitt av desse krava:

- a) førskolelærerutdanning eller barnehagelærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, og minst 60 studiepoeng vidareutdanning innretta på undervisning på barnetrinnet
- b) førskolelærerutdanning eller barnehagelærerutdanning, jf. nasjonal rammeplanar, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarende minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg
- c) grunnskolelærerutdanning for 1.–7. årstrinn, jf. nasjonale rammeplanar
- d) faglærerutdanning i praktiske og/eller estetiske fag, jf. nasjonale rammeplanar, eller tilsvarende kompetanse i desse faga. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- e) 3-årig faglærerutdanning for tospråklege, jf. godkjend plan. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på 5.–7. årstrinn, må fylle eitt av desse krava:

- a) grunnskolelærerutdanning for 1.–7. årstrinn eller for 5.–10. årstrinn, jf. nasjonale rammeplanar
- b) faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- c) yrkesfaglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- d) universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 studiepoeng, inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- e) førskolelærerutdanning eller barnehagelærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarende minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg
- f) 3-årig faglærerutdanning for tospråklege, jf. godkjend plan. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

For å undervise i norsk, samisk, norsk teiknspråk eller matematikk på barnetrinnet krevst det at vedkommande har minst 30 studiepoeng som er relevant for faget.

Endra ved forskrifter 9 juli 2007 nr. 884 (i kraft 1 aug 2007), 4

mars 2008 nr. 214 (i kraft 1 aug 2008), 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014).

§ 14-3. Krav for tilsetjing og undervisning på ungdomstrinnet

Den som skal tilsetjast i undervisningsstilling på ungdomstrinnet, må fylle eitt av desse krava:

- a) grunnskolelærerutdanning for 5.–10. årstrinn, jf. nasjonale rammeplanar
- b) faglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- c) yrkesfaglærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning
- d) universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjør minst 240 studiepoeng, inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning. Ved tilsetjing for undervisning i faga norsk, matematikk eller engelsk må vedkommande likevel ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning for faget
- e) førskolelærerutdanning eller barnehagelærerutdanning, jf. nasjonale rammeplanar, med spesialpedagogisk utdanning tilsvarande minst 60 studiepoeng, dersom hovudoppgåva er spesialundervisning eller behova til elevane gjer slik utdanning ønskeleg
- f) 3-årig faglærerutdanning for tospråklege, jf. godkjend plan. Tilsetjing kan skje for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 studiepoeng relevant utdanning.

For å undervise i norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk eller engelsk på ungdomstrinnet krevst det at vedkommande har minst 60 studiepoeng som er relevant for faget. For å undervise i andre fag på ungdomstrinnet krevst det at vedkommande har minst 30 studiepoeng som er relevant for faget. Dette gjeld ikkje for valfaga, utdanningsval og arbeidslivsfag.

0 Endra ved forskrifter 4 mars 2008 nr. 214 (i kraft 1 aug 2008), 31 mars 2014 nr. 383 (i kraft 3 april 2014).

§ 18-1. Kommunen sitt økonomiske ansvar for elevar som får opplæring utanfor bustadkommunen

- a) For barn som ikkje er særskilt nemnde under punkt b, c og d, og som får grunnskoleopplæring,

spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp utanfor kommunen, betaler bustadkommunen etter avtale. Bustadkommunen fastset omfanget av spesialundervisninga og den spesialpedagogiske hjelpa etter sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Bustadkommunen er den kommunen der foreldra, eller den av foreldra som har omsorga for barnet, bur.

- b) For barn som er i og under opplæringspliktig alder, og som barnevernstenesta eller fylkesnemnda plasserer utanfor kommunen, i fosterheim eller i institusjonar som ikkje er nemnde under punkt c og d, gjeld dette:

- Den kommunen som etter lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester har det økonomiske ansvaret for desse barna, ber også det økonomiske ansvaret for grunnskoleopplæringa, spesialundervisninga og den spesialpedagogiske hjelpa, jf. lov om barneverntjenester § 9-1.

- Om ikkje anna blir avtalt, skal den kommunen som ber det økonomiske ansvaret, betale for vanleg undervisning det som ein elev i den kommunen der eleven har opphald, kostar i gjennomsnitt. For spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp fastset bustadkommunen omfanget etter ei sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Det økonomiske ansvaret følgjer av det fastsette omfanget.

- c) For barn og unge i institusjonar som den statlege regionale barnevernmyndigheita har ansvaret for etter barnevernlova § 5-1, og barn og unge i private og kommunale institusjonar som er godkjende etter barnevernlova § 5-8, gjeld opplæringslova § 13-2.

- d) For pasientar i helseinstitusjonar som eit regionalt helseføretak eig, og for pasientar i private helseinstitusjonar som har avtale med regionale helseføretak, gjeld opplæringslova § 13-3a.

- e) I tvilstilfelle avgjer Fylkesmannen i det fylket der barnet oppheld seg, kven som er ansvarleg for kostnadene.

§ 21-1. Tilgang til skolebibliotek

Skolen skal ha skolebibliotek med mindre tilgangen til skolebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.